

## ÅRSMELDING 2003

Dette var Sandsøy IL sitt styre 2003: Endre Vorren (leiar), Arnvald Bringsvor (nestleiar), Philippa van Iwaarden (sekretær), Svein Helge Bringsvor (kasserar) og Steinar Worren (styremedlem). Varafolk til styret har vore Lisbeth Helland og Harald Våge.

I løpet av driftsåret døydde styremedlem og tidlegare leiar i Sandsøy IL, Steinar Worren. Det gjorde sjølvstøtt eit djupt inntrykk også på oss i idrettslaget.

Det har i 2003 vore eit jamnt bra driftsår i idrettslaget. Styret har hatt fire styremøte, og i tillegg er det gjennomført inntektsbringande framstøytar som tombola og ei eiga loddbok som har gått på bygda. Relativt god oppslutnad på begge delar.

Som før er det fotballgruppa og trimgruppa som har vore dei mest aktive i laget. Vi har hatt i sving to eigne lag innan aldersbestemte klasser. 91/92-laget har hatt Terje Follestad som oppmann og Daniel Halsebakk som hovudtrenar. Dei som er fødde 1993 og seinare, har vore trena av Gunnhild Bringsvor - med Oddbjørg Einang Olsen og Ragnhild Våge Støyle som oppmenn. Stor honnør til alle involverte. Dessutan har vi hatt samarbeidslag med kringliggande idrettslag når det gjeld sjuarlag for jenter og 11-ar-lag for gutar. Samarbeidet var med Kvamsøy IL og Åram IL. Ei fin oldboys-turnering vart det også sist sommar.

Trimgruppa opplever som vanleg stor deltaking. Vi viser til eigen gjennomgang frå Britt Synnøve Våge når det gjeld denne gruppa.

Ballbingen var det største enkeltprosjektet vi involverte oss i. Det var foreldre-arbeidsutvalet (FAU) ved skulen som i grove trekk gjorde dette prosjektet mogleg. I august vart bingen teken i bruk, og i november var det høgtideleg opning av bingen. Bård Dalen frå Sunnmøre Fotballkrets opna bingen og gratulerte Sandsøya både med anlegget og det gode samarbeidet i forkant. Sandsøy IL lånte pengar til ballbingen, og etter at alle tilskot og tippemidlar no er på plass, kom alle partar godt ut av prosjektet. Vi registrerer med glede at interessa for å bruke bingen er veldig stor.

Medlemsvervinga er eit felt vi ikkje har lukkast heilt med i 2003. Vi må heilt klart skaffe oss fleire medlemmer også utanom dei som er aktive i dei aldersbestemte laga. Elles har vi slått fast at det snarast må gjerast ein innsats med vedlikehald av klubbhuset.

Når det gjeld økonomien i laget, balanserer vi nokolunde bra mellom inntekter og utgifter. Viser til ei meir detaljert melding om dette frå økonomiansvarleg.

Styret i Sandsøy idrettslag

# TRIMGRUPPA 2003

Trimgruppa har i 2003 vore konsentrerte om turløypene og bøkene som ligg ute.

Før påske merka vi oppatt løypa i Dollsteinen, både frå Skare og frå Helland.  
I tillegg merka vi opp løype frå Bringsvoren over Rinden og Signalen, til Dollsteinen.

Seinare på våren merka vi opp løypa ned til Kleivneset.

Vi har bestilt, og fått i hus, treskilt med namna på alle turløypene. Desse bestilte vi hos arbeidssenteret i Vanylven. Planen er å få dei opp i løpet av våren 2004. Då har vi også planar om å få merke opp resten av turløypene, slik at alle kan finne dei, også turistar og andre besøkande.

Turløypene og antal skrivne i bøkene i 2003 :

Dollsteinen	773 personar
Rinden	580 personar
Hellandsvågen	961 personar
Grøntua	87 personar
Kleivneset	465 personar
Kletten	194 personar
Voksehaugen	423 personar
Trollhola	<u>195 personar</u>
Totalt	<u>3678 personar</u>

Dette er beste "resultatet" vi har hatt sidan vi starta registrering i 1997, vel 600 personar meir enn i topp-året 2000.

I påska – skjærtorsdag – arrangerte vi fellestur i Hellandsvågane. Det vart ein suksess, med eit kjempefint vèr og mykje folk. Vi telte 63 stk. med smått og stort. Vi laga bål og grilla, og vi hadde trekking av premier som vi hadde fått frå Vanylven Elektro og Coop-marked.

Dette var eit så populært arrangement at vi reknar med å gjenta det komande år også. Kanskje vi får til fleire fellesturar, slik at vi kan få med folket på dei løypene som er minst besøkte også?

Vi har starta så smått med planlegging av ein "prøvetur" i påska ein gong. Målet er å få til ein 7-toppstur på ein dag. Kletten, Kulen, Rinden, Signalen, Dollsteinen, Hellandsfjellet og Grøntua. Vi skal undersøke om det let seg gjere, og trur at eit slikt årvisst tilbod ville verte populært. Vi har mange spreke Sandsøyingar både som fastbuande, og ikkje minst som påskegjestar.

Desse borna har vore innom alle bøkene og oppnådd sin poengsum (etter alder):

Christoffer Bringsvor	26 poeng
Martin Myklebust	43 poeng
Ole Martin Bringsvor	26 poeng
Halvor Mølmen	29 poeng
Dina Mølmen	32 poeng
Kjell Even Toftesund	33 poeng
Vebjørn Støyle Bringsvor	164 poeng (22 gongar på Rinden)
Alexander Bringsvor	35 poeng
Anders Våge	47 poeng
Knut Sindre Mølmen	32 poeng

Gyda Myklebust hadde oppnådd 33 poeng ( ho trengde 20), men ho hadde ikkje fått vere med på Rinden, så der glapp premien.

Trimgruppa i Sandsøy I.L. 2003

Gunhild Arnfinnsen	Anna Kirsti Longva
Ragnhild Våge Støyle	Brit Synnøve Våge